



Helsedirektoratet
Pb 220 Skøyen
0213 Oslo

Vår dato:
03.12.2021

Dykkar dato:
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon
Haavard Stensvand – 57 64 30 10/915 77 432

Covid-19; tilråding om å fastsetje statleg regulering for kommunane i føretaksområdet til Helse Bergen

Vi viser til tidlegare korrespondanse og fleire møte om situasjonen i kommunane i føretaksområdet til Helse Bergen.

Oppsummering

Vi tilrår at regjeringa forskriftsfestar regionale tiltak for følgjande kommunar i føretaksområdet til Helse Bergen:

1. Alver
2. Askøy
3. Austevoll
4. Austrheim
5. Bergen
6. Bjørnafjorden
7. Kvam
8. Osterøy
9. Modalen
10. Samnanger
11. Vaksdal
12. Voss
13. Øygarden

Vi tilrår at forskrifterna omfattar følgjande tiltak:

- Påbod om bruk av munnbind der det ikkje er mogleg å halde avstand innandørs i det offentlege rom og/eller på kollektivtransport.
- Påbod om at arbeidsgjevar syter for at tilsette i størst mogleg grad kan utføre arbeid utan auka risiko for smitte på arbeidsplassen, eller ved reiser med kollektivtransport til og frå arbeidsplassen.



- Avgrensingar i talet deltarar på private arrangement.
- Plikt for serveringsstadar og arrangørar til å ha system for å registrere gjester og for å varsle gjester om smitteksponering.
- Plikt til karantene fram til negativt prøvesvar på første test føreligg (ikkje berre ei tilråding som no) òg for born i skulealder som er husstandsmedlemer og tilsvarende nære til personar med påvist covid-19, uavhengig av vaksinasjonsstatus. Etter det må husstandsmedlemer følgje tilrådd testregime for å verte unntatt frå karantene. Born som bur saman med ein som er smitta er ikkje plikta å teste seg, men det er ei tilråding.

Vi oppmodar dei andre kommunane i føretaksområdet om å følgje tett opp smittesituasjonen i eigen kommune, og kontinuerleg vurdere trøngten for forsterka tilrådingar og tiltak.

Det gjeld følgjande kommunar:

1. Eidfjord
2. Fedje
3. Gulen
4. Masfjorden
5. Ulvik

Skildring av situasjonen og vurdering frå FHI, kommunane og Statsforvaltar

Vi har dei siste to vekene hatt ein tett dialog med kommunane i føretaksområdet til Helse Bergen. Det er noko variasjon mellom kommunane, men det overordna bildet som kommuneoverlegane og sjukehusa gir er:

1. Det er stigande koronasmitte. Dei siste fjorten dagane er det særleg i Bergen, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden og Alver som har hatt auke.
2. Det er mykje smitte i husstandane, både blant born og vaksne. Kommunane har ofte eit godt bilde av smittevegen inn, men ser at det er problematisk å hindre vidare spreiing ut frå husstandane. Den stigande smitten gjer det krevjande å ha kontroll på utbrotet.
3. Det er òg stor pågang av pasientar med anna luftvegssmitte og RS-virus.
4. Det er høge tal på sjukmeldingar og andre fråvær i helsetenestene både i kommunane og på sjukehusa, i tillegg til at personellet er generelt slitne. Det ser ut til å vere eit aukande problem at folk sluttar som følgje av presset. Kommunane opplever òg at det er svært utfordrande å rekruttere kvalifisert personell.
5. Aukande fråvær gir det utfordrande å ha kapasitet til å gjennomføre vaksinasjon.
6. Sjukehusa er i gul beredskap. I tillegg til pågangen av pasientar med korona og RS-virus, er det ein generelt svært stor straum av pasientar inn.
7. Påvisinga av omikronvarianten i regionen gjer auka uro for utbreiinga av denne varianten i løpet av den nærmaste framtida.



Vurderinger frå Folkehelseinstituttet

Vurderingane til Folkehelseinstituttets ligg ved.

Vår vurdering og tilråding

Alvorleg utbrot av smittsam sjukdom som er farleg for ålmenta

Vi er kjent med at Helsedirektoratet føreslår at covid-19-pandemien på ny vert vurdert å vere eit alvorleg utbrot av smittsam sjukdom med fare for ålmenta. Det er ein føresetnad for at det kan fastsetjast forskrifter om tiltak etter smittevernlova § 4-1 andre ledd.

Behovet for regionale, koordinerande eller lokale tiltak, jf. smittevernlova § 4-1 andre ledd

Vi viser til strategi og beredskapsplan for handteringen av covid-19-pandemien. Der det vert peikt på at statsforvaltarane skal bidra til samordning mellom kommunar når det er behov for. Kommunane har ansvar for å handtere situasjonen viss epidemien gjer betydeleg lokal sjukdomsbør, eller truar kapasiteten i helse- og omsorgstenestene. Det er òg forventa at kommunane gjennom gjensidig dialog raskt skal samordne tiltaka med andre kommunar, helseføretak og Statsforvaltaren.

Den samla konklusjonen til kommunane og sjukehusa er at det er svært høgt smittetrykk og press på dei totale helse- og omsorgstenestene, og at det er i ferd med å nærme seg ein kritisk situasjon.

Vi hadde møte med kommunane onsdag 1. desember, der vi oppmoda dei om å jobbe vidare med å utarbeide felles tilrådingar og forskriftsregulere tiltak. Ut frå tilbakemeldingane frå kommunane var vår vurdering at det vil vere svært vanskeleg å få til felles tiltak raskt nok til at dei vil kunne gi god effekt.

Vi orienterte difor kommunane i eit møte torsdag 2. desember om at vi ville tilrå nasjonale styresmakter å gjere ei regional regulering. Alle kommunane som tok ordet støtta konklusjonen vår, og vi fekk ingen innvendingar til den.

Særleg om val av tiltaksnivå, vurdering av om tiltaka er nødvendige og forholdsmessige

Tiltak skal etter smittevernlova § 1-5 vere grunngjevne medisinsk-fagleg, vere nødvendige av omsyn til smittevernet og vere tenlege etter ei heilsapsvurdering. Slik situasjonen er no, vil vurderingane av kva som er nødvendig og forholdsmessig vere overordna og felles for tiltaka som vert føreslått.

Ved iverksetjing av smitteverntiltak skal det òg leggjast vekt på frivillig medverknad frå den eller dei tiltaket gjeld. Etter smittevernlova er det ein føresetnad at det er ei kontinuerleg justering av tiltaka etter kvart som situasjonen utviklar seg, for å sikre at dei grunnleggjande krava er oppfylt. Når vi føreslår å forskriftsfeste ein del tiltak er det m.a. fordi kommunane har sagt at dei deira erfaring frå dei siste vekene er at råd ikkje vert følgde i tilstrekkeleg grad.

Munnbind hindrar spreiling av store og små dråpar frå ein som er smitteførande. Dei foreslårne tiltaka knytt til arbeidsplassar, og avgrensingar i deltakartal på private arrangement, vil bidra til å redusere nærbakten mellom folk. Registrering av kontaktopplysningar vil gjere det lettare å drive smittesporing ved utbrot. Opphevinga av unntaksregelen om smittekarantene for born i grunnskulealder vil bidra til å hindre vidare smitte frå husstandsmedlemer.



Vurdering av om tiltaka er nødvendige og forholdsmessige

Både kommunane og helseføretaka har gitt ei tydeleg tilbakemelding om at presset på tenestene er svært stort. Vi meiner at tiltaka er nødvendige for å halde kontroll på pandemien i regionen, og unngå ein situasjon der det kan vere fare for at kommunane og sjukehusa mister evna til å levere kritiske tenester.

Tiltaka vi føreslår er å forskriftsfeste bruk av munnbind, heimekontor når det mogleg, avgrensingar i talet deltakrar på private arrangement, plikt for serveringsstadar og arrangørar å ha system for å registrere gjester og utvida plikt til karantene fram til negativt prøvesvar på første test for born i skulealder.

Vi meiner at tiltaka i seg sjølv er lite inngrapande for born og unge, privatpersonar elles og næringslivet. Dersom det ikkje vert sett i verk tiltak for å få kontroll, er det fare for at smitten av koronavirus held fram med å auke i same takt. Det kan bety at situasjonen vert endå meir krevjande for sjukehusa og dei kommunale helsetenestene og at dei ikkje kan yte nødvendig helsehjelp.

Ifølgje regjeringas strategi og beredskapsplan for handtering av covid-19-pandemien, skal tiltaksbøra for born og unge vere så låg som mogleg. Forslaget om å innføre smittekarantene for born i barneskulen og eldre vil vere ei innstramming i forhold til dei nasjonale reglane. Smittekarantene er eit målretta tiltak for å hindre vidare smittespreiing. Tiltaket er heller ikkje veldig inngrapande når born og unge kan teste seg ut av smittekarantene på same måte som vaksne. Born under skulealder vil ikkje vere omfatta av karanteneplikta.

Etter ei heilskapsvurdering er vår vurdering difor at nytten av dei samla tiltaka klart overstig dei negative konsekvensane av dei.

Forslag til ordlyd i forskrifta:

I og med at forskrifta skal inn i den nasjonale Covid-19-forskrifta som er på bokmål, er også framlegg til innhaldet av forskrifta på bokmål, sjølv om innhaldet gjeld kommunar der fleirtalet har nynorsk som målform.

Vi tilrår å forskriftsfeste desse tiltaka:

Ny § X Kapitlets virkeområde

For følgende kommuner gjelder forskriften med de endringene og tilleggene som følger av bestemmelsene i dette kapitlet:

1. Alver
2. Askøy
3. Austevoll
4. Austrheim
5. Bergen
6. Bjørnafjorden
7. Kvam
8. Osterøy
9. Modalen



10. Samnanger
11. Vaksdal
12. Voss
13. Øygarden

Ny § A Antallsbegrensning for private arrangementer

På private arrangementer, sammenkomster for familie, venner og bekjente eller sosiale samlinger i tilknytning til arbeid eller skole, inkludert tilstelninger etter seremonier som avholdes innendørs, er det ikke tillatt å ha flere enn 100 personer fysisk til stede samtidig.

Ansatte og oppdragstakere som står for gjennomføringen av arrangementer skal ikke regnes med i det totale antallet personer som kan være til stede på et arrangement.

Som arrangement regnes ikke private sammenkomster kun for medlemmer av samme husstand.

§ B Krav til smittevernlig forsvarlig gjennomføring av arrangementer

På arrangementer som omfattes av § X, skal det utpekes en person eller virksomhet som arrangør med ansvar for at arrangementet oppfyller kravene i forskriften. De som er til stede skal informeres om hvem som er arrangør og hvem som kan kontaktes ved spørsmål om smittevern.

Arrangøren skal iverksette tiltak som bidrar til at syke ikke er til stede og gjøre det mulig å ivareta god hygiene. Arrangøren skal følge relevante standarder om smittevern.

§ C Krav til oversikt over deltakerne på arrangementer

På arrangementer som omfattes av § X skal arrangøren ha oversikt over hvem som er til stede, for å kunne bistå kommunen ved en eventuell senere smitteoppsporing etter smittevernloven § 3-6. Når kommunen ber om det, skal arrangøren ta kontakt med de som var til stede for å informere om smitte.

Oversikten over tilstedevarende med kontaktopplysninger oppbevares på en forsvarlig måte og slettes etter 14 dager. Arrangøren skal informere de som er til stede om at det nedtegnes en egen oversikt og hvor lenge den oppbevares.

§ D Krav til serveringssteder

Serveringssteder, som restaurant, kafe, bar og pub, og utedørs, som diskotek, nattklubb og lignende, skal registrere kontaktopplysninger til de gjestene som samtykker til det. Med kontaktopplysninger menes informasjon som gjør det mulig å komme i kontakt med gjesten, for eksempel telefonnummer. Serveringsstedet skal også registrere dato og tidspunkt for besøket, og om mulig plassering i lokalet.

Kontaktopplysningene skal kun brukes for å bistå kommunen ved en eventuell senere smitteoppsporing etter smittevernloven § 3-6. Ved forespørsel skal opplysingene utleveres til dette formålet. Dersom kommunen ber om det, skal serveringsstedet ta kontakt med gjester som kan være utsatt for smitte. Opplysingene skal oppbevares forsvarlig og slettes etter 14 dager. Serveringsstedet skal informere den som registreres om formålet med registreringen og hvor lenge kontaktinformasjonen oppbevares.

Ny § E Påbud om å redusere smitterisiko i forbindelse med arbeid



Arbeidsgivere skal sørge for at ansatte i størst mulig grad kan utføre arbeidet uten økt risiko for smitte på arbeidsplassen eller som følge av reiser med kollektivtrafikk. Aktuelle tiltak kan for eksempel være god avstand på kontorplasser, hjemmekontor hele eller deler av uken eller forskjøvet tidspunkt for arbeidsreise. Arbeidsgivere skal kunne dokumentere at det er gitt beskjed til de ansatte om hvordan dette skal gjennomføres i virksomheten.

Ny § F Påbud om bruk av munnbind

Når det er fare for at det ikke er mulig å holde minst én meters avstand, ut over kortvarige passeringer, til andre enn husstandsmedlemmer, skal det brukes munnbind på alle innendørs offentlige steder, innendørs offentlige arrangementer, på kollektivtransport og i taxi.

Med offentlig sted menes et sted som er bestemt for alminnelig ferdsel eller sted hvor slik ferdsel rent faktisk finner sted. At området er privat eid, og eieren kanskje heller ikke ønsker ferdsel, er ikke avgjørende hvis slik ferdsel rent faktisk finner sted.

Bruk av munnbind i taxi skal skje på følgende måte: Munnnbindet skal tas på før passasjeren setter seg inn i taxien, og skal ikke tas av før reisen er avsluttet og passasjeren har gått ut av taxien. Plikten til å bruke munnbind gjelder tilsvarende for sjåfør når det er passasjer i taxien.

Krav om å bruke munnbind gjelder ikke for:

- de som av medisinske eller andre årsaker ikke kan bruke munnbind
- barn i barnehage- og barneskole
- i barnehager og i undervisningssituasjoner på barne- og ungdomsskole og videregående skole
- på arbeidsplasser og for ansatte i butikker som er beskyttet med plexiglass el.likn,
- utøvere på idretts- eller kulturarrangementer
- personer som selv driver idrett (treningssentre o.l.)

På serveringssteder som restaurant, kafe, bar og pub, og lignende gjelder påbud om munnbind bare når en beveger seg frem til angitt bord og ellers når en skal bevege seg inne i lokalene.

Ny § G Smittekarantene for barn og fritidskarantene

Barn grunnskolealder likestilles med personer over 18 år med hensyn til å gjennomføre testregime i samsvar med § 4i andre ledd bokstav a og b.

Unntak fra smittekarantene i § 4i gjelder kun i arbeid eller på skole.

Lengde på forskrifta

Vi meiner at forskrifta bør vare til og med 7. januar, og at det innan då bør gjerast ei vurdering av forlenging. Erfaring viser at vi treng minst 14 dagar for å kunne vurdere effekten av tiltak. Når vi etter 14 dagar kjem tett opp til ei julehøgtid som til vanleg fører med seg stor mobilitet, meiner vi at det i første omgang er fornuftig å late forskrifta gjelde til og med første arbeidsveka i januar.



Involvering viss situasjonen endrar seg andre stadar

Viss smittesituasjonen andre stadar i landet skulle utvikle seg slik at det vert aktuelt med fleire innstrammingar i dei regionale forskriftene som er vedtekte nasjonalt gjennom covid-19-forskrifta, ønskjer vi å verte orienterte slik at vi kan gjere vurderingar om det er trøng for tilsvarende tiltak i våre kommunar.

Vedlegg

Rapport fra FHI

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
Fungerande statsforvaltar

Haavard Stensvand
Fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til FHI